



Bilete syner nokre av fjelltoppane rundt Uskedalen. Turen gjekk slik: Manen, Englafjell, Ulvanoso, Gråfjell, Tverrfjell, Solfjell, Hauglandsfjellet.

**I juli månad 1994 gjennomførte Steinar Haugland og Bjørn Olav Tveit ein fjelltur av det sjeldne slaget. På 16 timar var dei på alle fjelltoppane rundt Uskedalen. Så langt vi kjenner til har dette aldri vore gjort på ein og same dag. Bjørn Olav Tveit var den gongen 20 år, Steinar Haugland var 22 år. Interesse for fjellturar og spesielle stunt starta tidleg.**

Det heile starta med at Steinar og Bjørn Olav tenkte dei ville ta femfjelltrimmen i Uskedalen på ein dag. Det enda opp med sju fjell på vel 16 timar.

Turen starta tidleg i 6 tida på morgonen i Herøysundet. Fyrste fjellet var Manen ( 1013 moh ) og deretter Englafjell ( 1200 moh ). Så gjekk turen vidare til begge toppane på Ulvanoso, Høgetinden og Geitadalstind.

For å koma over på fjella på andre sida av Uskedalen, måtte ein heilt ned til Haugland og gå på Fylkesvegen inn i dalen for så å ta seg opp til Gråfjell ( 900 moh ). Neste fjelltopp var Tverrfjell ( 913 moh ), nedom Mannsvatn før Solfjell med to toppar stod for tur.

Heimturen gjekk over Storhaug. Dersom noko mangla på denne turen, må det vera Skorpefjellet.

Kjelde: Kvinnheringen med spalten For 25 år sidan.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Steinar Haugland, saman med Bjørn Olav Tveit , gjekk 7 fjellsturen i Uskedalen for 25 år sidan, på ein og same dag ( Arkivfoto ).